



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 16.11.2023  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** Olav

### Tilstades:

Svein Lunde	X leiar
Anne Marie Røed	X nestleiar
Tom Rydland	X medlem
Anne Kristin Skår	X medlem
Håkon Rydland Sæbø	Med på nett til 19.00, medlem
Mette Elisabeth Lambach	X medlem
Bård Inge Bø	X medlem
Kari Raunholm	X medlem
Olav J. Oma	X sokneprest
Gisle Levåg	kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	1. vara

Fitjar, 16.11.2023

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/80	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2023/81	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 19.10.2023	
2023/82		Orientering om arbeidet i soknet	
2023/83		Oppfølging av soknerådskurset 02.11.2023	
2023/84		Gudstenesteliste og offerliste for våren 2024	
2023/85		Strategiplanen for Fitjar sokn	
2023/86		Nemnd og utval	
2023/87		Møteplan for våren 2024	
2023/88		Meldingar / open post	

### **Sak 2023/80 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Håkon er med på Skype og bed om at vi tek sak 85 til å begynna med.

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent med den endringa.

### **Sak 2023/85 Strategiplanen for Fitjar sokn**

Soknerådet har i førre periode arbeida målretta med strategi. Strategiplanen vart vedteke i 2022 og skal vera eit strategi- og visjonsgrunnlag for mykje av arbeidet i soknet i tida framover. Det er eit viktig reiskap for (det nye) soknerådet og staben. Det vert lagt opp til ei orientering og gjennomgang av dokumentet og dei gode tankane bak.

#### **Vedtak:**

Tom går gjennom litt av dokumentet, ser særleg på nemnder og utval under soknerådet. Vi er einige om å ta planen fram igjen og sjå korleis nemnder utval og arbeid ser ut, rett før eller etter sommaren.

### **Sak 2023/81 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 19.10.2023.

### **Sak 2023/82 Orientering om arbeidet i soknet**

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet.

#### **Kyrkjeverja om økonomien**

Året er så langt som forventa

Om 2024

Sendte budsjettforslag til kommunen. Søkte om 3.044.200 opp frå 2.677.850 i år.

Framlegg kommunedirektør: 2.798.400, det er 4,5% opp frå i fjor.  
Budsjettet har gått i null, neste år må vi antakeleg bruka noko av disposisjonsfondet.

Investeringar som er søkt om; gravplass, minnelund, vognskjul. Her har kommunen tilsynelatande lete dei stå slik vi har lagt det fram.

### **Prest om det som har skjedd i kyrkja.**

Babysong og småbarnstreff, Randi er noko sjukemeld, men vil vera med i mykje av arbeidet likevel.

Konfirmantar, Tentreff og Krik

22.10 Hausttakkefest med Bakken barnehage og bygdekvinnene

26.10 Konsert med Ichtus

27.-29.10 Leir 74 stk, Veldig fin tur, masse kjekk aktivitet, gudsteneste søndag med bønnevandring og nattverd.

Økonomisk går leiren fint i ballanse.

Eit par spørsmål;

Skal vi halde fram med å ha leir denne helga?

Kven betalar vi for?

29.10 Gudsteneste med Sven Harald Nilsen

1.11 Kyrkjeblad

2.11 Prostdag og soknerådskurs, nye bispen Ragnhild Jepsen var til stades og vart helst velkomen til Sunnhordland.

4. 5.11. Allehelgenssamlinga laurdag og gudsteneste på søndag. Osternes mannskor var med og song på gudstenesta, veldig fint.

12.11 Gudsteneste med Sven Harald Nilsen

Tentreff og KRIK mykje godt arbeid.

19.11 No i helga skulle det vore Lys Vaken, laurdag er no avlyst, men det blir familiegudsteneste på søndag med dåp.

### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2023/83 Oppfølging av soknerådskurset 02.11.2023**

Prostirådet i Sunnhordland inviterte til prostdag og soknerådskurs torsdag 2. november i Nysæter kyrkje. Mange i soknerådet var påmeldt til kurset. Ein legg opp til tid til refleksjon og oppfølging i møtet.

### **Vedtak:**

Kva synst de om kurset?

- Kjekt å vere med på middag og informasjon.
- Soknerådsbiten veldig bra, og dei som leia kurset var kjempeflinke.
- På slutten når ein kom ut i prosti og bispedømme gjekk det ut på viddene.
- Dei var klare på rollene som råd og fellesråd har.
- Slutten vart tyngre.

- Lærarane i rådet kjende att den pedagogiske utfordringa med å få med alt når tida plutsleg blir knapp. Kurset var ferdig 20.30.
- Verdifullt å samlast, vera saman, fint å høyre biskopen.
- Veldig fint å høyre biskopen. Ho ser den enkelte og er til stades. Ho var til inspirasjon.
- Det var eit fint kurs.

KA skulle lage nokre temasnuttar på video, dette, fortel Svein Lunde at vi framleis ventar på. Dette er slikt som kan brukast til å arbeida med i rådet.

### **Sak 2023/84 Gudstenesteliste og offerliste for våren 2024**

Gudstenesteplanen med takkofferliste for våren 2024

#### **Vedtak:**

Soknerådet godkjenner gudstenesteplanen og takkofferliste for våren 2024 slik den er lagt fram i møtet.

Om 2. juni, 1000 årsjubileet. Soknerådet forelsår å vise tusenårsjubileumsgudstenesta på storskjerm, f.eks i Kulturhuset. Vi arbeider vidare med dette.

### **Sak 2023/86 Nemnd og utval**

I Fitjar sokn er det mange nemnd og utval, med til saman ca 100 frivillige. I nokre utval er soknerådet direkte representert. Når ein no byrjar med ei ny soknerådsperiode er det nødvendig å sjå til at det blir oppnemnt eller valt nye representantar i dei ulike nemndene og utvala. Prosessen vert drøfta i møtet.

#### **Her vart ikkje gjort noko vedtak, men dei ulike nemndene ser slik ut:**

##### **Gudstenesteutval,**

Olav

Jan,

ein soknerådsmedlem

Dagfinn må spørjast.

Går ut:

Eli Simonsen

Herman Inge Aadland

##### **Trusopplæringsutvalet**

Randi L. Matre

Anne Marie Røed

Hilde Karin V Eiken

Birgitte D. Brenne

Torunn Aarskog

Går ut:

Bård Inge

##### **(Babysong og Småbarnstreff skal diskuterast i trusopplæringsutvalet)**

Randi Matre

Elisabeth Moldestad

Helga Rimmereid

Anne Grethe Hatlevik

Åshild Vestbøstad

**Tentreff**

Dagfinn Brekke  
Håkon Rydland  
Anne Marie Røed  
Ellen Rolfsnes  
Randi Matre

**Diakoninemnd**

Olav J. Oma  
Halvard Wiik  
Inger Marie Gilje  
Grete Sætre  
Annbjørg S. Tvedt  
Bodil Nesse (frå tidlegare sokneråd)  
Hilda Gloppen (frå tidlegare sokneråd)

**Misjon**

Herman Inge Aadland (tidlegare sokneråd)  
Eldbjørg Vikene

**Temakveldgruppa**

Eli Simonsen  
Anne Britt Tornes  
Benedicte Meyer  
Kari Bjørndal

**Kyrkjeblad**

Olav O.  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland  
Roald Drønen  
Karvel Strømme  
Herman Inge Aadland

**Frivillignemnd**

Ingen med per no, manglar det eit mandat, kva skal dei gjere?

**Nemnd for bygg og anlegg**

Rasmus Fitjar  
Jan Overweg  
Eilif Bjørge  
Tom Rydland

**Kyrjekaffi (15)****Nattverdmedhjelparar:**

Lars Rydland  
Svein Lunde  
Sven Harald Nilsen  
Bjørn Skumsnes

**Kappenemnda**

Britt Padøy  
Ingrid Træet  
Solfrid Sandvik

**KN- Fasteaksjon**

Randi Matre  
Haldis Abotnes  
Eli Simonsen  
Inger Sofie Nesbø

**Bakken barnehage**

Tom er oppnemnd av sokneråd, men er blitt styreleiar, her må inn ein ny.  
Åse Nøttveit har vore med.

**Klokkarar**

Anne Britt Tornes  
Torunn Aarskog  
Harald Johan Sandvik  
Helga O Aadland  
Sigrid Marie Fangel

**Kyrkjetenarar**

Kjetil Hagevik Ragde  
Kaia Grimen  
Asbjørn Raunholm  
Lars Rydland  
Sigrun Vik Nilsen

**Kyrkjevertar**

Der er 14 kyrkjevertar.  
Soknerådet er positive til å vera kyrkjevertar ein søndag i halvåret.

**Ad hoc utval**

- Kyrkjelydsweekend

**Sak 2023/87 Møteplan våren 2024**

Framlegg til vedtak møteplan sokneråd og arbeidsutval for våren 2024

Møter i sokneråd til vanleg 18.30-21.00

Møter i arbeidsutval til vanleg onsdag i veka før soknerådsmøte

**Vedtak:**

torsdag 18.01 - (Arbeidsutval 10.01)  
torsdag 22.02 - (Arbeidsutval 14.02)  
torsdag 14.03 - (Arbeidsutval 06.03)  
torsdag 18.04 - (Arbeidsutval 10.04)  
torsdag 23.05 - (Arbeidsutval 15.05)  
torsdag 13.06 - (Arbeidsutval 05.06)

**Sak 2023/88 Meldingar / open post**

- Neste møte er 7. desember kl. 18.00, juleavslutning, middag 20.00  
Saker til det møtet.
- Lønsforhandlingar med ny kyrkjevevje
- Litt om korleis Soknerådsbarnehagen Bakken er organisert.
- 

Skrivar

Olav J. Oma

---